

Saksbehandlar: Daniel Gåsemyr Fluge, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 14/7409-1

## Endringar i budsjettet for 2014

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gje slik vedtak:**

1. Rammetilskotet vert auka med 2,450 mill. kr.
2. Interne finansieringstransaksjonar – sentralt avsette midlar til pensjon – vert redusert med 1,704 mill. kr.
3. Unyttta midlar til pensjonsutgifter i 2014 vert avsett til pensjonsfond.
4. Driftsmidlar overført til investering vert redusert med 3,846 mill. kr.
5. Løyvinga på 0,100 mill. kr til Senter mot incest og overgrep i Sogn og Fjordane vert gitt som driftstilskot for 2015.
6. Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 24,910 mill. kr. Sektorbudsjetta vert auka med 19,910 mill. kr i samsvar med vedlegg 1. 5,000 mill. kr vert avsett til bufferfondet.
7. Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert auka med 8,000 mill. kr.
8. Teneste 5200 Pedagogisk leiging mv/teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med samla 1,500 mill. kr. Beløpet vert avsett til bufferfondet.
9. Investerings- og finansieringsprogrammet for bygg vert redusert med 18,000 mill. kr i tråd med vedlegg 2.
10. Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18) vert konsekvensjustert som følgje av dette vedtaket.

### Vedlegg:

1. Fordeling av lønsoppgjera i 2014
2. Investeringsprogrammet for bygg

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Driftsbudsjettet**

#### **1.1 Rammetilskot**

Rammetilskotet for 2014 vert auka med 2,450 mill.kr som følgje av at Kommunal- og moderniseringsdepartementet har oppdaga feil i kriteriedata for tildeling av rammetilskot for 2014. Dette gjelder tal på søkarar til yrkesfaglege utdanningsprogram. Sogn og Fjordane er ein av fylkeskommunane som har fått auka utteljing med oppdaterte kriteriedata. Midlane vert utbetalt som ekstraordinære skjønsmidlar i 2014.

Opplæringssektoren har fått tilført naudsynte midlar til yrkesfaglege utdanningsprogram som del av si ordinære ramme.

Auken i rammetilskot kan såleis disponerast gjennom denne saka.

## 1.2 Oppretting av tertialrapport 2/14

I samband med endringane i investeringsbudsjettet i tertialrapport 2/14 vart det ved ein inkurie ikkje gjort tilhøyrande budsjettendringar i driftsbudsjettet, (jf. omtale i punkt 3.1 i saksførelegget til tertialrapport 2/14).

For å rette opp feilen i tertiarapporten er det no naudsynt å gjere følgjande tilpassingar:

<u>Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg</u> vert auka med	8,000 mill. kr
<u>Sentralt avsette pensjonsmidlar</u> vert redusert med	1,704 mill. kr
<u>Driftsmidlar til investering</u> vert redusert med	3,846 mill. kr
<u>Bruk av auka rammetilskot</u>	2,450 mill. kr
<u>SUM</u>	<u>0,000 mill. kr</u>

Som ein konsekvens av redusert overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet vert låneopptaket auka tilsvarande. Finansieringsplanen for bygginvesteringar er justert som følgje av dette, jf. vedlegg 2.

## 1.3 Pensjonsutgifter

Fylkesrådmannen har tidlegare peika på at dei rekneskapsmessige utgiftene til pensjon varierer mykje frå år til år. For 2014 tilseier prognosane at fylkeskommunen får reduserte pensjonsutgifter med om lag 10 mill. kr. Dette skuldast i hovudssak svingingar i føring av premieavviket, men er også samansett av andre faktorar som til dømes eit forseinka lønsoppgjer i 2014.

For 2015 viser førebelse prognosar frå pensjonselskapa ein auke i storleiksorden 20 mill. kr frå det reduserte 2014-nivået. På bakgrunn av dei store utgiftsforskyvingane mellom åra tilrår fylkesrådmannen å løyse dette ved å avsette unytta midlar til pensjonsfond. I 2015 må desse fondsmidlane nyttast til å møte auka pensjonsutgifter.

## 1.4 Forvaltning

### Teneste 4005 Til disposisjon for utvala

I budsjettet for 2014 er det løyvd 0,1 mill. kr i driftstilskot til Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane (SMISO SF). Dagleg leiar ved SMISO SF har i e-post dagsett 6.11.2014 opplyst at dei ønskjer desse midlane som eit driftstilskot for 2015, då dette vil vere eit viktig bidrag for å oppretthalde drifta til SMISO SF på dagens nivå. Fylkesrådmannen vil ut frå dette tilrå at føremålet med løyvinga i 2014 vert endra frå driftstilskot i 2014 til driftstilskot i 2015.

### Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst

Lønsoppgjera for 2014 for tilsette i fylkeskommunen er i hovudssak avslutta. Det står att endeleg resultat for lokale i forhandlingar i kapittel 4 som følgje av brot med ein organisasjon. Fylkesrådmannen har lagt til grunn godkjend ramme i fordelinga. Eventuelle endringar i dette deloppgjeret vert å kome attende til i 2015.

Det vart varsla i tertialrapport 2-14 at det ville kome innsparingar på budsjettert lønspott som følgje av lønsoppgjera for 2014. Dette skuldast at ein stor del av pedagogane i fylkeskommunen har fått oppgjeret for 2014 gjeldande frå 01.09.2014. Det er såleis eit mindre tal månader som skal kompenserast for i 2014. Dette medfører ei samla innsparing på 5 mill. kr. For budsjett 2015 og planperioden er det ikkje grunnlag for desse innsparingane, då oppgjera for 2014 får heilårsverknad.

Samla verknad av lønsoppgjera vert 19,910 mill. kr i 2014, og vert fordelt på sektorbudsjetta i samsvar med vedlegg 1. Innsparinga på avsett lønspott er på 5 mill. kr i 2014. Fylkesrådmannen tilrår at unytta midlar vert avsett til bufferfondet for å møte framtidige økonomiske utfordringar.

## **1.4 Opplæring**

### Teneste 5200 Pedagogisk leining mv/teneste 5210 Utdanningsprogramma

I FT-sak Tertialrapport 2/14 heiter det i vedtaket punkt 12:

«Fylkesrådmannen får fullmakt til å leggje til rette for erstatningsundervisning etter streiken som ein del av lærarane vart teken ut til i haust. Dei innsparte lønsmidlane som følge av streiken kan ikkje nyttast ut over dette. Eventuelle udisponerte lønsmidlar må trekkast inn i budsjettjusteringssaka til fylkestinget i desember.»

Dei innsparte lønsmidlane var estimert til 2,0 mill. kr. Behovet no viser at det vert nytta inntil 0,5 mill. kr til erstatningsundervisning i 2014. Budsjettet til opplæring vert tilrådd redusert med 1,5 mill.kr. Dette beløpet vert avsett til bufferfondet for å møte framtidige økonomiske utfordringar.

## **2. Kapitalbudsjettet**

### **2.1 Investeringsprogram for bygg**

Som følge av forseinka framdrift og praktiske tilpassingar til skulebruksplanen vert løyvingane til nokre av byggeprosjekta nedjustert i 2014. Samla løyving vert redusert med 18 mill. kr i budsjettet for 2014. Fylkesrådmannen føresett at løyvingane vert teke inn att i investeringsprogrammet i budsjettet for 2015. Det er såleis berre ei tidsforskyving i investeringsprosjekta. Endeleg program for 2014 for bygg vert i samsvar med vedlegg 2.